ÅRSPLAN

SKATTEBØL BARNEHAGE

Barnehageåret 2026 / 2027



Nasakamben –Barn født i 2025	Branesberget -Barn født i 2024 og 2025	Trydalen – Barn født i 2022 og 2023	Brenno – Barn født i 2021 og 2022

Velkomen til Skattebøl barnehage!

Skattebøl barnehage er ein kommunal barnehage i Ål kommune med 72 plassar fordelt på fire avdelingar i to bygg, Austre og Vestre. Barnehagen har eit fagleg sterkt og engasjert personale på 16 tilsette, i tillegg til styrar og assisterande styrar, som kvar dag arbeider for å skape eit trygt, inkluderande og utviklande miljø for alle barn.

Ål kommune legg vekt på at alle barn skal få ein god oppvekst gjennom leik, læring, fellesskap og tidleg innsats. Gjennom kommunen sitt oppvekstarbeid blir det framheva kor viktig samarbeid, meistring og gode relasjonar er for barn si utvikling.

I Skattebøl barnehage byggjer vi arbeidet vårt på desse verdiane. Vi ønskjer at kvart barn skal oppleve omsorg, glede, vennskap og medverknad i kvardagen. Årsplanen gir eit innblikk i korleis vi arbeider for å oppfylle måla i barnehagelova og rammeplanen, samstundes som han synleggjer våre eigne satsingsområde og prioriteringar for året. Planen skal vere eit nyttig arbeidsverktøy for tilsette og gi føresette innsikt i innhaldet og retninga for barnehagen sitt arbeid gjennom året.

Verdigrunnlag og pedagogisk plattform.

Skattebøl barnehage har eit stort og triveleg inne- og uteområde som gir gode moglegheiter for leik, utforsking og læring. Samstundes er barnehagen oversiktleg og passe stor, noko som legg til rette for nærleik mellom barn, føresette og tilsette.

I Skattebøl barnehage arbeider vi i tråd med Ål kommune sin visjon om å vere opne, grundige og modige. Vi ønskjer å skape eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sette, og der kvart barn opplever tryggleik, tilhøyrsle og verdi.


Vårt pedagogiske grunnsyn byggjer på respekt for kvart enkelt barn og ei grunnleggjande tru på at alle barn har ressursar, styrkar og eit potensial for vekst og utvikling. Trygge og omsorgsfulle relasjonar er den viktigaste føresetnaden for trivsel, læring og utvikling. Difor skal barna møte vaksne som ser dei, lyttar til dei og anerkjenner dei for den dei er.

Gjennom leik, omsorg, læring og utforsking ønskjer vi å gi barna erfaringar som styrkjer sjølvtillit, nysgjerrigheit og lærelyst. Barna skal få oppleve glede, vennskap, fellesskap og meistring, samstundes som dei blir kjende med seg sjølve, kvarandre, naturen og lokalsamfunnet rundt seg.

Vi legg vekt på medverknad i kvardagen og ønskjer at barna skal oppleve at meiningane deira blir høyrde og tekne på alvor. Ved å bygge vidare på interessa, initiativa og erfaringane til barna, skaper vi eit miljø der dei får eigarskap til eigen kvardag og tru på eigne evner.

Målet vårt er at barna skal utvikle seg til å bli trygge, robuste og sjølvstendige menneske som kjenner seg verdifulle i fellesskapet, og som har mot til å møte nye utfordringar. Vi

ønskjer å gi barna røter som gjer dei rotfaste i seg sjølve, og venger som gjer dei flygedyktige inn i framtida.



Arbeidsmåtar og satsingsområde for barnehageåret.

I Skattebøl barnehage skal dei vaksne vere trygge, varme og tydelege leiarar som møter barna med omsorg, støtte og respekt. Vaksenrolla er avgjerande for at alle barn skal oppleve tryggleik, trivsel, utvikling og læring i eit inkluderande fellesskap. Gjennom medvitne handlingar og gode relasjonar skal dei vaksne bidra til eit miljø der kvart barn kjenner seg sett, verdsett og betydningsfullt.

Kjerna i vaksenrolla.

Vårt pedagogiske arbeid byggjer på fire sentrale element:

- Omsorg og tryggleik.
- Leik og samspel.
- Tydeleg leiing gjennom ei autoritativ vaksenrolle.
- Anerkjenning av kvart barn sine kjensler, behov og perspektiv.

Dei vaksne skal vere nærverande og aktive i barna sin kvardag. Gjennom observasjon, støtte og deltaking i leik og samspel legg vi til rette for positive erfaringar og utvikling av sosial kompetanse.

Autoritativ vaksenrolle.

I barnehagen arbeider vi etter prinsippa for ei autoritativ vaksenrolle. Dette inneber at dei vaksne kombinerer varme og omsorg med tydelege forventningar og rammer. Ein autoritativ vaksen byggjer først gode relasjonar til barna, fordi tillit og tryggleik er grunnlaget for å kunne rettleie, utfordre og støtte barnet vidare i utviklinga.

Eit autoritativt klima bidreg til:

- Auka sosial og emosjonell læring.
- Utvikling av livsmeistring.
- Medverknad og demokratiske prosessar.
- Førebygging av mobbing, krenkingar og andre negative handlingar.

Dette er eit felles ansvar for alle tilsette, og krev at vi har ein felles praksis, gode relasjonar og tydelege, rettferdige reglar som er godt forankra i personalgruppa.



Dei vaksne sitt ansvar.

Alle tilsette har ansvar for å:

- Vere gode rollemodellar.
- Leggje til rette for eit inkluderande og trygt miljø.
- Observere og rettleie barna i sosiale situasjonar.
- Støtte positive relasjonar mellom barna.
- Bidra til meistringsopplevingar og deltaking for alle barn.

Gjennom refleksjon over eigen praksis og samarbeid i personalgruppa utviklar vi eit miljø som fremjar trivsel, læring og fellesskap.

Samarbeid med foreldra.

Eit godt samarbeid mellom heim og barnehage er viktig for barnet si utvikling og trivsel. Dei vaksne skal møte alle foreldre på ein open, respektfull og profesjonell måte.

I møte med foreldre skal vi:

- Inkludere barnet i samtalen når barnet er til stades.
- Møte alle foreldre med respekt og interesse.
- Halde fokus på barnet i samtalar og kommunikasjon.
- Arbeide med eigen kommunikasjon og relasjonskompetanse dersom samarbeidet opplevast utfordrande.
- Ha felles og profesjonelle rutinar for kommunikasjon og informasjonsutveksling.

Gjennom gjensidig respekt, tillit og dialog skaper vi eit godt grunnlag for samarbeid til beste for barnet.

Arbeidsmåtar i kvardagen.

I Skattebøl barnehage meiner vi at barn lærer best gjennom aktive opplevingar, leik, utforsking og gode relasjonar. Dei vaksne skal vere aktive og medvitne deltakarar i barna sine kvardagar, og bidra til eit læringsmiljø som skaper motivasjon, nysgjerrigheit og lærelyst.

Vi legg vekt på at dei vaksne:

- Undrar seg saman med barna og tek barna sine spørsmål og tankar på alvor.
- Stimulerer til utforsking, refleksjon og oppdaging gjennom samtalar og felles opplevingar.
- Deltek aktivt i leiken på barna sine premissar.
- Støttar, inspirerer og vidareutviklar leiken når det er naturleg.
- Viser engasjement gjennom kroppsspråk, ansiktsuttrykk, handlingar og språk.
- Ser, anerkjenner og responderer på barna sine initiativ.
- Skapar inkluderande fellesskap der alle barn opplever tilhøyrsle.

Personalet har også eit medvite fokus på progresjon i barna si utvikling og læring. Vi legg til rette for erfaringar og utfordringar som er tilpassa alder, føresetnader og interesser, slik at barna får oppleve meistring og utvikling gjennom heile barnehagetida. Arbeidet med progresjon er ein naturleg del av planlegging, observasjon og refleksjon i personalgruppa.

Gjennom varme relasjonar, aktiv deltaking og høg fagleg medvit ønskjer vi å skape eit miljø der barna får utvikle seg i sitt eige tempo, samtidig som dei blir utfordra til å utforske, lære og vekse saman med andre.

Forming.

I Skattebøl barnehage ser vi kunst, kultur og kreativitet som ein viktig del av barna si utvikling, læring og danning. Når barna får utforske, skape og uttrykkje seg gjennom ulike materiale, sanseopplevingar og estetiske uttrykksformer, utviklar dei nysgjerrigheit, fantasi, skaparglede og tru på eigne evner. Vi legg vekt på at verdien i skapande aktivitetar ligg i prosessen barnet går gjennom, heller enn i det ferdige produktet. Gjennom utforsking, prøving og feiling, samarbeid, undring og refleksjon får barna verdifulle erfaringar som styrkjer både kreativitet, problemløysing, konsentrasjon og meistringskjensle.

Personalet legg til rette for opne og utforskande aktivitetar der barna får møte eit mangfald av materiale, både inne og ute. Vi ønskjer å skape rom for eigne idear, initiativ og uttrykk, og er meir opptekne av det barna opplever og lærer undervegs enn av at alle skal kome fram til same resultat. Dei vaksne deltek som støttande og engasjerte medspelarar som lyttar, undrar seg saman med barna og stiller opne spørsmål som fremjar refleksjon og vidare utforsking.

Gjennom skapande prosessar får barna erfaring med å ta eigne val, prøve ut idear, handtere utfordringar og oppdage nye moglegheiter. Vi ønskjer å verdsetje nysgjerrigheita, forsøka, oppdagingane og gleda som oppstår undervegs. Ved å dokumentere prosessane og løfte fram barna sine tankar, spørsmål og erfaringar, synleggjer vi læringa som skjer i møtet

mellom barnet, materiala og omgivnadene. Slik legg vi grunnlaget for kreative, utforskande og sjølvstendige barn som tør å tenkje nytt og skape sine eigne uttrykk.

Det fysiske leikemiljøet.

I Skattebøl barnehage ser vi det fysiske leike- og læringsmiljøet som ein viktig pedagogisk ressurs. Målet vårt er å skape rom som fremjar leik, utforsking, læring, trivsel, medverknad og gode relasjonar. Miljøet skal vere oversiktleg, innbydande og tilpassa barna sine behov, interesser og utviklingsnivå. Vi legg vekt på at romma skal invitere til aktivitet, nysgjerrigheit og samspel, samstundes som dei gir moglegheit for ro, konsentrasjon og tilbaketrekking når barna har behov for det.

Forsking viser at det fysiske miljøet har stor betydning for barna si leik, læring, kjenslereguleringog oppleving av tryggleik. Derfor arbeider vi med bevisste val knytte til innreiing, materialbruk, orden, system og organisering av romma våre. Leikemateriale skal vere tilgjengeleg i barnehøgd slik at barna kan vere sjølvstendige, ta eigne val og påverke leiken sin. Vi ønskjer eit miljø som inspirerer til utforsking og kreativitet, utan å vere prega av unødvendig visuell støy eller overstimulering.

Personalet har eit felles ansvar for å utvikle og vedlikehalde gode leike- og læringsmiljø. Gjennom observasjon, refleksjon og vurdering av korleis barna bruker romma, justerer vi kontinuerleg miljøet slik at det støttar barna si utvikling best mogleg. Med utgangspunkt i tanken om miljøet som «den tredje pedagogen» ønskjer vi å skape rom som inviterer til leik, meistring, læring og fellesskap, og som gir alle barn gode moglegheiter til å vere aktive deltakarar i sin eigen kvardag.

I Skattebøl barnehage arbeider me kontinuerleg med å utvikle kvaliteten i det pedagogiske arbeidet. Utviklingsarbeidet vårt tek utgangspunkt i barnehagelova og Rammeplan for barnehagen, og skal bidra til at alle barn får oppleve trivsel, utvikling, meistring og eit rikt læringsmiljø. Gjennom felles satsingsområde arbeider personalet målretta med å vidareutvikle eigen praksis, samtidig som me skapar gode vilkår for barna sin leik, læring, danning og medverknad.

Utviklingsarbeid og satsingsområde 2026/2027

Barnehageåret 2026/2027 er kommunikasjon, språk og tekst satsingsområdet vårt. Rammeplanen understrekar at alle barn skal få oppleve eit rikt og variert språkmiljø, og at barnehagen skal bidra til å utvikle barna sitt språk gjennom meiningsfulle opplevingar, relasjonar og aktivitetar. Språk blir utvikla i samspel med andre, og er grunnleggjande for å kunne uttrykkje tankar, kjensler, erfaringar og behov, samt for å kunne delta aktivt i leik og fellesskap.


Gjennom året vil me arbeide med å fremje språkglede, leseglede og gode kommunikasjonsferdigheiter hos barna. Song, rim, regler, musikk og språkleikar vil vere viktige element i kvardagen. Me vil leggje til rette for eit inspirerande litteraturmiljø der barna får møte bøker, forteljingar og eventyr på ulike måtar, både gjennom høgtlesing, samtalar, dramatisering og kreativ utforsking. Målet er å skape interesse for språk og litteratur og gi barna positive erfaringar med tekst og forteljing.

Me vil òg arbeide systematisk med språkstimulering og omgrepslæring, mellom anna gjennom leik, kvardagssamtalar, prosjektarbeid og utforsking av ulike tema. Personalet skal vere bevisste språkmodellar som støttar barna i å setje ord på opplevingar, tankar og kjensler, og som utvidar og utfordrar språkforståinga deira. Arbeidet skal tilpassast barna sine føresetnader og behov, slik at alle får moglegheit til å utvikle seg ut frå sitt eige utgangspunkt.

Drama, forteljing og formidling vil ha ein sentral plass i satsinga. Gjennom skapande aktivitetar og ulike uttrykksformer får barna høve til å bruke språket på mange ulike måtar og utvikle både fantasi, innlevingsevne og kommunikative ferdigheiter. Samstundes vil me arbeide med å vidareutvikle barnehagen sine fysiske og pedagogiske læringsarenaer, slik at språket blir ein naturleg og synleg del av heile barnehagemiljøet.

Gjennom observasjon, dokumentasjon, refleksjon og evaluering vil me følgje utviklinga i arbeidet gjennom året. Barna si medverknad står sentralt, og me ønskjer at satsingsområdet skal vekse fram i samspel mellom barna sine interesser, personalet sine faglege vurderingar og det daglege livet i barnehagen. Målet er å skape eit rikt, inkluderande og inspirerande språkmiljø som legg grunnlag for livslang lærelyst, gode relasjonar og aktiv deltaking i fellesskapet.

Årshjul



Barns medverknad.

I Skattebøl barnehage ser vi på barn som aktive deltakarar i eigen kvardag. Barns medverknad handlar om at barna får uttrykkje tankar, kjensler, ønskje og meiningar, og at desse blir tekne på alvor av dei vaksne. Gjennom medverknad skal barna oppleve at dei blir sett, høyrde og verdsette, og at dei har innverknad på det som skjer i barnehagen.

Personalet legg til rette for medverknad gjennom nær dialog, observasjon og ved å vere lydhøyre for både verbale og ikkje-verbale uttrykk. Vi ønskjer å skape eit miljø der barna får erfare at deira meiningar betyr noko, og der dei utviklar tru på eigne evner, sjølvstende og ansvarskjensle.

Barns medverknad kjem til uttrykk på mange ulike måtar gjennom dagen. Barna får vere med på å påverke innhaldet i aktivitetar, prosjekt, samlingsstunder og turar. Dei får høve til å kome med idear, stille spørsmål, utforske eigne interesser og ta val ut frå alder og modning. Samstundes deltek dei aktivt i kvardagslege gjeremål og får ansvar som bidreg til meistring og fellesskap.

For å fremje barns medverknad legg vi mellom anna vekt på:

- Samtalar med barna i kvardagen.
- Barnemøte og felles refleksjonar.
- Valmoglegheiter i leik, aktivitetar og turar.
- Medverknad i planlegging av tema, prosjekt og måltid.
- Tilgang til materiell som inviterer til sjølvstendige val.
- Deltaking i praktiske gjeremål og ansvarsoppgåver.
- Observasjon og tolking av barns initiativ, kroppsspråk og interesser.

Gjennom barns medverknad ønskjer vi å styrkje barna si sjølvkjensle, oppleving av tilhøyrsle og tru på at dei kan påverke sitt eige liv og fellesskapet rundt seg. Slik legg vi grunnlaget for demokratiske verdiar, respekt for andre og livslang læring.

Omsorg, leik, læring og danning

Omsorg, leik, læring og danning er grunnleggjande omgrep i barnehagen sitt samfunnsoppdrag og skal sjåast i samanheng. I Skattebøl barnehage legg me til rette for eit trygt, inkluderande og stimulerande miljø der barna får utvikle seg i sitt eige tempo, oppleve meistring og kjenne at dei er verdifulle deltakarar i fellesskapet.

Omsorg er fundamentet for all utvikling, læring og danning. Gjennom varme, nærverande og sensitive vaksne skal barna oppleve tryggleik, tilhøyrsle og anerkjenning. Me møter barna med respekt og omsorg for den dei er, og støttar dei i å utvikle omsorg og respekt for andre.

Leiken har ein eigenverdi og ein sentral plass i barnehagen. Gjennom leiken utforskar barna verda, utviklar fantasi og kreativitet, byggjer relasjonar og lærer å samarbeid med andre. Me vernar om barna sin leik, deltek når det er naturleg og legg til rette for eit leikemiljø som inviterer til glede, undring og fellesskap.

Læring skjer gjennom heile dagen, i leik, kvardagsaktivitetar, utforsking og samspel med andre. Me ønskjer å vekkje barna si nysgjerrigheit, lærelyst og utforskartrong, og legg til rette for rike erfaringar som gir grunnlag for utvikling og ny kunnskap.

Danning handlar om å utvikle evna til å reflektere, vise omtanke for andre og delta aktivt i fellesskapet. Gjennom møte med ulike menneske, erfaringar, verdiar og perspektiv får barna høve til å utvikle eigen identitet, sjølvstende og respekt for mangfald. Me skal støtte barna i å bli trygge, ansvarsmedvitne og medverkande deltakarar i eit demokratisk samfunn.

Gjennom omsorg, leik, læring og danning arbeider me for at alle barn skal få ein trygg og meiningsfull barndom prega av trivsel, vennskap, meistring og utvikling.

Psykososialt barnehagemiljø.

I Skattebøl barnehage skal alle barn oppleve eit trygt, inkluderande og godt barnehagemiljø. Vi arbeider systematisk for å fremje trivsel, vennskap, leik, læring og god psykisk helse. Personalet er varme, tilgjengelege og aktive i samspel med barna, og legg til rette for at alle skal kjenne tilhøyrsle og meistring i fellesskapet.

Vi førebyggjer krenkingar, mobbing, utestenging, diskriminering og trakassering gjennom tydelege vaksne, gode relasjonar og aktiv deltaking i barna sin kvardag. Barns medverknad står sentralt, og vi lyttar til barna sine tankar, meiningar og behov. Eit nært og tillitsfullt samarbeid mellom heim og barnehage er avgjerande for å sikre at alle barn har det trygt og godt.

Skattebøl barnehage følgjer kommunen og Hallingdal-regionen sine rutinar og planar for arbeid med godt psykososialt barnehagemiljø, i tråd med barnehagelova kapittel 8.

Samarbeid med heimane.

I Skattebøl barnehage er me opptekne av å byggje eit godt og tillitsfullt samarbeid med føresette. Samarbeidet skal ha barnet sitt beste som mål og vere prega av openheit, gjensidig respekt og god kommunikasjon. Foreldre og personale har eit felles ansvar for å skape eit trygt og godt grunnlag for barnet si trivsel, utvikling og læring.

For å styrkje samarbeidet legg me vekt på:

- God dagleg dialog ved bringing og henting.
- Open og lett tilgjengeleg kommunikasjon mellom heim og barnehage.
- Informasjon gjennom digitale kanalar og infoskjerm.
- Foreldresamtalar og foreldremøte.
- Arrangement og møteplassar som styrkjer fellesskapet mellom heim og barnehage.
- Medverknad frå føresette og respekt for ulike behov og perspektiv.

Skattebøl barnehage samarbeider òg med aktuelle faginstansar når det er nødvendig for å sikre barnet best mogleg oppfølging. Gjennom BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) og samarbeid med Familiens hus, helsestasjon, PPT og andre samarbeidspartnarar arbeider me for tidleg innsats og heilskapleg støtte til barn og familiar.

Målet vårt er at alle føresette skal oppleve seg som viktige samarbeidspartnarar og kjenne tillit til at barnet deira blir sett, høyrt og ivaretatt i barnehagen.

Overgangar.

Overgangar i barnehagen.

Gjennom barnehagetida vil barna oppleve ulike overgangar, både mellom aktivitetar, gjennom dagen og ved byte av avdeling. Me arbeider bevisst for at desse overgangane skal vere føreseielege og trygge for barna. Når barn skifter avdeling, får dei tid til å bli kjende med nye barn, nye vaksne og nye rutinar. Personalet følgjer barna tett i denne perioden og legg til rette for gode relasjonar, vennskap og ei sterk kjensle av fellesskap. Erfaringane barna får gjennom slike overgangar, er med på å styrkje dei når dei seinare skal møte overgangen til skulen.

Overgang frå barnehage til skule.

Ved overgang til skulen følgjer Skattebøl barnehage Ål kommune sin *Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune*. Målet er at barna skal oppleve samanheng og tryggleik når dei går frå barnehage til skule, og at dei skal møte skulekvardagen med glede, forventning og tru på eigne evner.

Det siste året i barnehagen legg me særleg vekt på å styrkje barna si sjølvkjensle, sjølvstende, sosiale kompetanse og evne til å vere ein del av eit fellesskap. Gjennom leik, utforsking, samarbeid og gode samtalar får barna erfaringar som gjer dei rusta til å møte nye utfordringar og forventningar.

Overgangen til skulen handlar først og fremst om relasjonar og tryggleik. Barna skal bli kjende med den nye arenaen, dei vaksne og dei andre barna som dei skal dele kvardagen med. Gjennom planlagde overgangsaktivitetar, besøk på skulen og samarbeid mellom barnehage, skule og heim, får barna høve til å byggje kjennskap og positive forventningar til skulestarten.

Personalet følgjer barna tett gjennom det siste barnehageåret og er opptekne av å sjå det enkelte barnet sine styrkar, behov og ressursar. I samarbeid med foreldra og skulen deler me informasjon som kan bidra til at barnet får ein best mogleg start på skulegangen. Samstundes er me medvitne om at barn møter overgangen på ulike måtar. Nokre er klare for nye utfordringar tidleg, medan andre treng meir tid og støtte. Difor møter me kvart barn med omsorg, fleksibilitet og respekt for deira individuelle behov.

Målet vårt er at kvart barn skal avslutte barnehagetida med gode opplevingar, kjenne seg som ein verdifull del av fellesskapet og gå vidare til skulen med tryggleik, nysgjerrigheit og lærelyst.

Inkludering, mangfald og likeverd.

I Skattebøl barnehage skal alle barn oppleve å høyre til i fellesskapet og kjenne at dei er verdifulle akkurat som dei er. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, og motarbeide alle former for diskriminering. Me ønskjer at barna skal møte eit

miljø der ulikskap blir sett på som ein ressurs, og der alle får høve til å bidra med sine erfaringar, interesser og perspektiv.

Mangfald kjem til uttrykk på mange måtar, mellom anna gjennom språk, kultur, familiebakgrunn, funksjonsevne, interesser, verdiar og livserfaringar. Me arbeider aktivt for at barna skal utvikle forståing for at menneske er ulike, samstundes som me alle har same verdi. Gjennom leik, samtalar, litteratur, tradisjonar, kvardagsaktivitetar og møte med ulike uttrykksformer legg me til rette for at barna får oppleve respekt, openheit og interesse for kvarandre.

Inkludering handlar om meir enn å vere til stades. Kvart barn skal oppleve å vere ein viktig del av fellesskapet, bli lytta til, få medverke og erfare at deira tankar og kjensler blir tekne på alvor. Personalet har eit særleg ansvar for å skape eit trygt og inkluderande miljø der alle barn får moglegheit til å utvikle vennskap, oppleve meistring og kjenne tilhøyrsle.

Gjennom vårt daglege arbeid skal me fremje likeverd ved å møte alle barn med omsorg, respekt og anerkjenning, og ved å ta omsyn til barna sine individuelle behov og føresetnader. Slik legg me grunnlaget for at barna utviklar eit positivt syn på seg sjølve og andre, og blir godt rusta til å delta i eit mangfaldig samfunn.

Vurdering, evaluering og dokumentasjon.

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet for å sikre at verksemda er i tråd med barnehagelova, rammeplanen og eigne målsetjingar. Vurderingsarbeidet skal bidra til refleksjon, læring og utvikling, slik at me kan gi barna eit best mogleg barnehagetilbod.

I Skattebøl barnehage legg me særleg vekt på evaluering som ein naturleg del av det pedagogiske arbeidet. Gjennom jamlege evalueringar reflekterer personalet over innhald, arbeidsmåtar, læringsmiljø og barna si trivsel, utvikling og medverknad. Me vurderer både planlagde aktivitetar og kvardagspraksisen vår for å sjå om arbeidet vårt støttar opp om måla me har sett oss.

Dokumentasjon er eit viktig grunnlag for dette arbeidet. Gjennom observasjonar, bilete, praksisforteljingar, samtalar og anna pedagogisk dokumentasjon synleggjer me arbeidet som går føre seg i barnehagen. Dokumentasjonen skal ikkje berre vise kva me gjer, men også hjelpe personalet til å reflektere over kvifor me gjer det og korleis me kan vidareutvikle praksisen vår. Dokumentasjonen skal bidra til å skape samanheng mellom planlegging, gjennomføring, vurdering og vidare utvikling.

Evaluering skjer på ulike nivå og gjennom ulike metodar. Personalet nyttar dokumentasjon, observasjonar, faglege refleksjonar, avdelingsmøte, personalmøte og tilbakemeldingar frå barn og foreldre som grunnlag for vidare utvikling av praksisen. Målet er ikkje berre å vurdere kva me har gjort, men å lære av erfaringane og bruke innsikta til å skape eit endå betre tilbod for barna.

Som del av oppvekstsektoren i Ål kommune deltek barnehagen òg i overordna vurderings- og utviklingsarbeid gjennom strategikonferansar, medarbeidarundersøkingar, foreldreundersøkingar og tilsyn. Desse bidreg med viktig kunnskap om kvaliteten i verksemda og gir retning for vidare utviklingsarbeid.

Gjennom systematisk dokumentasjon, evaluering og refleksjon ønskjer me å vere ein lærande organisasjon som stadig utviklar seg til beste for barna, familiane og fellesskapet i barnehagen.

Trafikksikker barnehage.

Evna til å tenkje, vurdere og forstå samanhengar har stor innverknad på korleis barn opptrer i trafikken. Små barn tenkjer ofte svært konkret, og tenkinga deira er i stor grad knytt til det som skjer her og no. Det kan vere utfordrande for barn å ta andre sitt perspektiv og forstå situasjonar slik andre opplever dei.

Til dømes kan det vere vanskeleg for eit barn å forstå at ein bilførar ikkje nødvendigvis kan sjå barnet i mørket, sjølv om barnet sjølv ser bilen godt. På same måte kan det vere krevjande å vurdere fart og avstand. Ein bil som køyrer i 80 km/t, kan sjå ut til å vere langt unna, medan han i røynda kjem svært raskt.

For at barn skal utvikle forståing og gode haldningar i trafikken, treng dei konkrete erfaringar og opplevingar. Gjennom praktiske aktivitetar, samtalar og refleksjon saman med vaksne får barna høve til å utforske og lære om trafikken på ein trygg måte. Barn lærer best når dei får vere aktive deltakarar, observere verkelege situasjonar og samtale om det dei opplever. Difor er det viktig at trafikkopplæringa skjer både gjennom praktisk trening og gjennom bevisstgjering i kvardagen.

Tarkus – barnas trafikkvenn

Trygg Trafikk har utvikla eit eige trafikkopplæringsopplegg for barn under seks år. Opplegget er bygt opp rundt handboka *Tarkus – barnas trafikkvenn* og er tilpassa barn sitt utviklingsnivå og føresetnader for læring.

Materialet inneheld mellom anna forteljingar og bøker om Tarkus, songar og songbøker med trafikktema, aktivitetshefte, plakatar og andre pedagogiske ressursar. Gjennom leik, song, forteljing og praktiske aktivitetar får barna arbeide med sentrale tema knytte til trafikktryggleik.

Skattebøl barnehage har tilgang til dette undervisningsopplegget og nyttar det som ein viktig del av trafikkopplæringa. Opplegget blir kombinert med praktiske øvingar og erfaringar i nærmiljøet, slik at barna får moglegheit til å omsetje kunnskap til handling.

Målet er å bidra til at barna utviklar gode haldningar, grunnleggjande trafikkforståing og trygg åtferd som fotgjengarar, passasjerar og framtidige trafikantar.

Berekraft.

I Skattebøl barnehage arbeider vi aktivt med berekraftig utvikling som ein naturleg del av kvardagen. Gjennom leik, undring og medverknad får barna innsikt i korleis vi kan ta vare på både naturen, kvarandre og ressursane våre.

Miljømessig berekraft handlar om å bruke naturen rundt oss som læringsarena. Barna får oppleve årstidene, utforske naturmateriale og lære om kretsløp og samspel i naturen.

Sosial berekraft er sentralt i vårt pedagogiske arbeid. Vi fremjar inkludering, fellesskap og respekt for ulikskap. Barna får medverke i eigen kvardag og utvikle forståing for demokrati og ansvar. Vi samarbeider tett med føresette og lokalsamfunnet for å styrke relasjonar og fellesskap.

Økonomisk berekraft handlar om å bruke ressursane våre klokt. Vi investerer i kvalitet som varer, og planlegg for framtida med tanke på både drift og utvikling. Gjennom god ressursstyring sikrar vi at barnehagen er ein trygg og stabil arena for barna.

Berekraft er ikkje eit prosjekt, men ein verdi vi byggjer på – kvar dag, heile året.